

er fig. 23. Ved det dobbelte torvskur (fig. 24) utnytted materialene godt, idet en får midtrommet uten å anvende ekstra stolper. En fyller siderommene med halvtørr torv og lar disse stå et par uker før en fyller midtrommet. Torva som fylles i midtrommet bør være rive-tørr.

Såvel ved stakking som ved berging i småskur gjelder det å ha godt underlag av bord eller raier. Vannet som kommer i torva fra bunnen er nesten mer ødeleggende enn vannet som kommer ovenfra.

Fortsettelse.

## OSKE SOM GJØDSEL.

*Av myrkonsulent Hans Hagerup.*

I notida sitt jordbruk spelar oske som gjødsel lita rolle. Til utfylling av husdyrgjødsel på ein gard har ein under normale tilhøve rikeleg tilgang på kunstgjødsel. Likevel kan det vera rett å minne om at vi i oske har gjødsel som det er verdt å ta vare på og bruke, sjølv om mengda som den einskilde rår over ikkje er så svært stor. Der det vert bruka ved og torv som brennefang i staden for kol og koks, vil det verta meir og verdfullare oske, serleg då av veden. Hjø den einskilde huslyd vil det ikkje verta store mengder, men ta vare på det som vert, alle munar har sitt verd no for tida. Ved fabrikklegg vil det ikkje verta so små kvanta.

Fosfatgjødsel er framleis rasjonera og det vert mindre å få til komande avling enn det var i fjor. Av kali og kalk får ein som før.

Har oske så mykje verd at det er lønt å minne om det, kan ein spyrje. For å kunne gi eit oversyn over mengda oske, måtte ein ha opplysningar over bruket av brennefang. Men her er berre tenkt på å gjø nokre opplysningar om gjødselverdien av oska.

I eldre tiders jordbruk hugsar vi at «bråtebruket» spela ikkje så lita rolle. Her var det oske av brent skog som gav næring til dei jordbruksvekster som vart dyrka. Og den tidlegaste myr dyrking gjekk ut på å flåhakke myra, turke og brenne dette lausmateriale. På den vis vart skaffa høveleg næring til vekstene som vart dyrka for eit år eller meir, alt etter kor mykje som vart brent. Når næringa var oppbrukt, måtte ny brenning til. Begge desse driftsmåtar var ei rovdrift og vart omsider forbode, dei var heller ikkje ufårlege å bruke. Ved ny dyrking av jord vil det mest alltid verta ein del brenning, slikt som skogavfall og mosetuver, og for myrjorda sitt vedkomande vil flåhakking og brenning av det øvste friske moselaget i mange høve vera på sin plass. Det er om å gjera å spreida denne oska og ikkje late den verta liggjande i dungar så regn klumpar den saman og vaskar næringsemna bort.

Den plantenæring som oska inneheld er ymse alt etter brennematerialet den er kome ifrå. Eg skal her nemne nokre svenske analyser av treske (frå Svenska Vall- och Mosskulturforeningen). I 100 deler oske fanst:

	I barved:	I bjørkeved:
Fosforsyre .....	5,00	3,04
Kali .....	17,10	5,01
Kalk .....	56,20	23,60

Innehaldet vil sjølvsagt svinge alt etter korleis vekseplassen til trea har vore.

Av torvoske har vi fått utført eit par analyser ved Statens kjemiske kontrollstasjon i Trondheim. Innhaldet av fosforsyre, kali og kalk var pr. 100 kg oske:

	I	II
Fosforsyre .....	0,78	2,10
Kali .....	4,26	1,07
Kalk .....	33,20	18,01

Prøve I var oske av brenntorv med ein del koksoske, og prøve II oske mest av grasmyrtorv og ein del treavfall.

Analysene viser at oske av veden er næringsrikare enn torvoske, i den siste er innhaldet lite. Dessutan er torvoska leiare å handtera, då den er svært lett. Etter medelanalyser av vedoska inneheld den så mykje av dei nemnte næringsemne pr. 100 kg oske som svarer til om lag 15 til 27 kg superfosfat, 12 til 40 kg kalisalt (40 %) og 45 til 100 kg kalksteinsmjøl.

Oske av dei to sist nemnte prøvene har vi prøvd som gjødsel ved Myrselskapets forsøksstasjon på Mæresmyra. Det er verknaden av fosforsyre og kali i oska som er samanlikna med like mengder i superfosfat og kalisalt. Av plassomsyn kan eg her berre gi eit lite utsyn over resultatet av prøvene. Det er gjort to forsøk, eit frå 1929 til 1933 og eit frå 1938 til 1939, begge er lagt i bygg første år, seinare låg felta til eng. Burtsett frå ugjødsla ruter har alle gjødslingsnr. fått tilført like mengder kalksalpeter. Her skal berre verta nemnt dei relative avlingstal i høve til ugjødsla (= 100) i medel for prøveåra:

	1929/33	1938/39
Ugjødsla .....	100	100
Utan kali (fosfat + kvæve) .....	125	96
Kaliverknad i torvoske .....	162	125
Kaliverknad i 40 % kalisalt .....	159	125
Utan fosfat (kali + kvæve) .....	132	130
Fosforsyreverknad i torvoske .....	175	133
Fosforsyreverknad i superfosfat .....	163	136

Av dette går fram at verknaden av kaliet i oska er like god som i kalisalt, og for fosforsyra sitt vedkomande har den i oska vore omlag like god som i superfosfat. (Her skal eg nemne at utanlandske prøver

med oske viser noko mindre verknad av fosforsyra i denne enn i fosfat.) Kalkverknaden er ikkje prøvd, men ein skulle tru at verknaden av denne skulle vera omlag som i brent kalk.

Dei ulike utslag i dei to gjødslingsseriar kjem seg av at felta har lege ulike lang tid. I den første, som har gått lengst, er utslaga størst. Det er gjødsla berre første året med fosforsyre og kali, seinare er etterverknaden prøvd, difor vart avlingane små dei siste åra.

Resultatene frå begge desse prøver viser at ein i oske har eit verksamt gjødselmedel. Her kan det vera verdt å minne om at det vesle kali som myrjorda inneheld er lett tilgjengeleg for plantane, medan innhaldet av fosforsyre er lite eller inkje brukbart. Brenninga av torva har gjort fosforsyra lettare tilgjengeleg.

Oske høver godt som gjødsel til vårkorn (bygg og kveite) og eng, serleg kløvereng, og elles til hagevekster som likar kalk. Potet vil bli skurvut ved oskegjødsling, difor høver oske ikkje til denne. Dette kjem av oska sitt kalkinnhald. Ved å bruke svovlsur ammoniakk som kvævegjødsling til potet kan ein motverke skurvåtaket noko.

Samla for hile landet utgjer oske frå brenselstadene ein ganske stor verdi av plantenæring, men den er spreidd på mange små einingar. Det gjeld likevel å ta vare på det som er, å dra seg nytte av det. Best vert den teke vare på ved å leggja den i kompost saman med anna avfall. Ved fabrikkar som har gått over til å bruke innlandsk brensel i staden for kol, vil det ikkje verta so små kvanta oske. Eit reknedøme vil vise det.

Av 1000 m<sup>3</sup> ved vert det ca. 1,75 tonn oske. I denne finst så mykje av fosforsyre, kali og kalk som svarer til ca. 340 kg superfosfat, 300 kg kalisalt (40 %) og 1000 kg kalksteinsmjøl. Det er soleis all mogleg grunn til å ta vare på oska og nytte den.

---

## TORVSTRØPRODUKSJONEN I 1941.

I FJOR innhentet myrselskapet oppgaver over torvstrøproduksjonen i 1940 ved å sende ut spørreskjemaer til torvstrøfabrikantene. I år er det innhentet tilsvarende oppgaver over produksjonen i 1941.

Alle utsendte skjemaer er blitt besvart, og vi skal nedenfor gi en kort oversikt over resultatet.

Opgavene for 1941 omfatter i alt 44 fabrikkar, mot 42 i 1940, idet Akershus og Hedmark begge har en fabrikk mer i drift enn året før. Av samtlige torvstrøfabrikker ligger 36 på Østlandet, men fordelingen på de enkelte fylker er temmelig ujevn. Akershus har 16, Hedmark 10, Vestfold 5, Østfold 3 og Opland og Buskerud 1 fabrikk hver. Telemark og Agderfylkene har hver 1 fabrikk, og i Trøndelagsfylkene fin-